

## **Tabell B-fk**

### **Overgangsordninga**

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2020 blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år. Overgangsordninga tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet, inkludert den nye fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet.

Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet, får att 3/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2020. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarende trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

### **Kolonne 1 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (1000 kr)**

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet som trer i kraft i 2020. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut rammetilskotet med det førre inntektssystemet på fylkesinndelinga i 2019 (inkludert grensejusteringar som trer i kraft 1.1.2020). Rammetilskotet etter det førre systemet er så summert opp til den nye fylkesinndelinga og samanlikna med tilskotet berekna etter det nye systemet for dei nye fylkeskommunane, men før kompensasjonen for endringar i inntektssystemet i 2015 er fordelt om mellom fylkeskommunane.

Fordelingsverknadene inkluderer fleire endringar:

- Effekten i utgiftsutjamninga av ny kostnadsnøkkel med oppdaterte vekter og kriterium.
- Endringar i samla utgiftsbehov og sektorvekter som følgje av nytt prinsipp for behandling av investeringsutgifter i delkostnadsnøkkelen for fylkesveg.
- Omfordeling av fire saker som tidlegare blei gjeve med ei særskild fordeling, til fordeling etter ordinære kriterium (styrking av båt- og ferjefylka, to saker knytt til kompensasjon for CO<sub>2</sub>-avgifter, kompensasjon til Trøndelag for reduksjon i utgiftsutjamninga i samband med fylkessamanslåinga i 2018).
- Effekten av ny utrekning av kriteriet normerte ferjekostnader, med oppdaterte grunnlagstal, ny ferjestandard og nokre justeringar i metoden.
- Effekten av nytt anslått fylkesvegnett for Oslo.

### **Kolonne 2 – Fordelingsverknader av nytt inntektssystem (kr per innbyggjar)**

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 3 – Avvikling av tidlegare kompensasjonsordning (1000 kr)**

Kolonne 3 viser den isolerte effekten av å avvikle kompensasjonsordninga for endringar i inntektssystemet i 2015. I rammetilskotet for 2019 er kompensasjonen på 335 mill. kroner, og er gjeve med ei særskild fordeling (jf. kolonne 10 i tabell C-fk i Grønt hefte 2019).

### **Kolonne 4 – Ny kompensasjon for endringar i inntektssystemet (1000 kr)**

Kolonne 4 viser fordelinga av den nye kompensasjonsordninga for endringane i inntektssystemet som trer i kraft frå 2020. Kompensasjonen er fordelt slik at ingen fylkeskommunar får ein nedgang i rammetilskotet på meir enn 70 kroner per innbyggjar som følgje av endringane i inntektssystemet (jf. kolonne 1 og 2) og avviklinga av den tidlegare kompensasjonsordninga (jf. kolonne 3). Kompensasjonen er gjeve med ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet, jf. kolonne 13 i tabell C-fk.

### **Kolonne 5 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (1000 kr)**

Kolonne 5 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet, inkludert den nye fordelinga av kompensasjonsordninga. Kolonnen er berekna som summen av kolonnane 1, 3 og 4.

### **Kolonne 6 – Samla fordelingsverknader inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)**

Kolonne 6 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 5 i kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 7 – Overgangsordning i 2020 (1000 kr)**

Kolonne 7 viser overgangsordninga for 2020. Beløpet er 3/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 5, med motsett forteikn. Beløpet blir også brukt i tabell 2-fk.

### **Kolonne 8 – Samla fordelingsverknad første år (1000 kr)**

Kolonne 8 viser dei samla fordelingsverknadene det første året med det nye inntektssystemet, inkludert kompensasjons- og overgangsordningane. Beløpet er berekna som summen av kolonnane 1, 3, 4, og 7.

### **Kolonne 9 – Samla fordelingsverknad første år (kr per innbyggjar)**

Kolonne 9 viser dei samla førsteårsverknadene frå kolonne 8 i kroner per innbyggjar.